

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 12.08.2013
Sakhandsamar: **Gjertrud Jacobsen**
Saka gjeld: **Søknader om sjukehusgodkjenning og utviding av sjukehusgodkjenning i Bergen og Stavanger**

Arkivsak
2013/384
Styresak
082/13B

Styremøte
19. august 2013

Forslag til vedtak

1. Helse Vest RHF vil framleis ha behov for å kjøpe tenester hos private leverandørar i noko omfang.
2. Helse Vest RHF har på generelt grunnlag ikkje merknad til at Kolibri Medical blir godkjent som sjukehus i Stavanger.
3. Helse Vest RHF har på generelt grunnlag ikkje merknad til at Volvat, Privathospitalet og Aleris får godkjent søknader om utviding av fagområde og talet på senger i Bergensområdet.
4. For fagområdet nevrokirurgi bør det presiserast kva for inngrep det eventuelt blir gitt godkjenning for.
5. Helse Vest RHF ser det slik at fleire private sjukehus/utviding av sjukehus i Stavanger og Bergen kan svekke føretaka sine evner til å behalde personell og rekruttere personell på sårbare fagområde. Dette kan ha uønska effekt på kapasiteten i føretaka og det totale tilbodet som sjukehusa må gje uavhengig av private tilbod.
6. I den grad det er fagleg forsvarleg og innlegging i større sjukehus ikkje er nødvendig, må det stillast tydelege krav til private aktørar om at postoperative komplikasjonar skal handterast av eige personell.

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har mottatt fire søknader frå private sjukehus og verksemder i Bergen og Stavanger om godkjenning som sjukehus eller om utviding av eksisterande godkjenning som sjukehus.

Som ledd i saksbehandlinga spør HOD om Helse Vest RHF har merknader til ei eventuell etablering/utviding av dei aktuelle tenestetilboda.

Helse Bergen og Helse Stavanger er bedne om å vurdere eventuelle konsekvensar godkjenning/utviding kan ha for bemanning og rekruttering i føretaka og dermed kapasiteten.

Helse Vest kjøper tenester frå private sjukehus for å dekke sitt sørge-for-ansvar, og er nå i ferd med å gjera ei fornya vurdering av behovet for kjøp av kirurgiske tenester frå private utøvarar. Ny anbodskonkurranse som vil bli kunngjort hausten 2013. Ved vurdering av ventetider må det også takast høgde for at private allereie dekker ein del av behovet.

Fakta

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har mottatt fire søknader frå private sjukehus og verksemder i Bergen og Stavanger om godkjenning som sjukehus eller om utviding av eksisterande godkjenning som sjukehus.

Sjukehusgodkjenning som HOD gir er knytt til spesialitet og talet på sjukehussenger. Dersom eit privat sjukehus ønsker å utvide sitt tilbod med fleire fagområde/spesialitetar eller fleire senger må dei søke om utvida godkjenning.

Som ledd i sakshandsaminga spør HOD om Helse Vest RHF har merknader til ei eventuell etablering/utviding av dei aktuelle tenestetilboda. HOD har bedt om svar innan **20. august 2013**.

*Følgande private sjukehus har søkt om utvida av godkjenning i **Bergensområdet**:*

Volvat Medisinske Senter AS, avdeling Ulriksdal Sykehus (heretter Volvat) er det største private sjukehuset i Helse Vest området med 15 senger og har i dag avtale med HELFO innan fagområda ryggkirurgi, ortopedi, generell kirurgi og gastroenterologisk kirurgi i tillegg til privatbetalande pasientar og pasientar med helseforsikring. Forventa årleg kapasitet innan dagkirurgi og kirurgi som krev at pasienten er inneliggande er samla om lag 1200 operasjonar.

Volvat har søkt om utvida godkjenning for fagområda urologi, øre-nese-hals og karkirurgi for å kunne utføre inngrep som krev innlegging innanfor desse fagområda. Volvat tilbyr i dag dagkirurgi innan desse fagområda og har eigne spesialistar. Tilbodet vil bli etablert innan eksisterande rammer og sengekapasitet. Volvat peiker på at det ikkje er behov for å tilsette fleire spesialistar eller rekruttere frå det offentlege.

Privathospitalet AS, Fana Medisinske Senter (heretter Privathospitalet)

Privathospitalet har i dag godkjenning for 5 senger innan fagområdene øre-nese-hals, ortopedi, gynekologi og plastikkirurgi (medisinsk grunna).

Helse Vest har avtale med Privathospitalet innan fagområda medisinsk grunna plastikkirurgi og øre-nese-hals kirurgi. I tillegg tilbyr Privathospitalet tenester til helseforsikringsselskaper.

Privathospitalet har søkt om utvida godkjenning for fagområda nevrokirurgi, generell kirurgi, urologi og augesjukdommar og om å få auke talet på sjukehussenger frå 5 til 10. Det må rekrutterast inn nytt personell for å dekke dei nye fagområda som det blir søkt om godkjenning for.

Aleris sykehus i Bergen

Aleris har i dag godkjenning for 8 senger innan spesialitetane nevrokirurgi, ortopedi, plastisk kirurgi, generell kirurgi, øre-nese-hals, gynekologi, øye, kjevekirurgi, anesthesiologi og indremedisin.

Helse Vest har avtale med Aleris i Bergen innan fagområda ryggkirurgi, generell kirurgi og medisinsk grunna plastikkirurgi.

Aleris har søkt om utvida godkjenning for fagområdet urologi. Aleris har spesialist i urologi knytt til sjukehuset pr i dag, men det kan bli aktuelt å utvide kapasiteten ved å tilsette fleire.

*Følgande aktør har søkt om sjukehusgodkjenning i **Stavangerområdet**:*

Kolibri Medical

Kolibri Medical søker om godkjenning som sjukehus med 6 senger innan fagområda generell kirurgi, gynekologi, urologi, ortopedi, nevrokirurgi, karkirurgi, øre-nese-halskirurgi, gastroenterologi, håndkirurgi og plastisk kirurgi.

Kolibri Medical tilbyr i dag dagkirurgi til privatbetalende pasientar og ønsker å utvide tilbodet til og å omfatte inngrep som krev innlegging i sjukehus. Kolibri har i dag 4 legar som er tilsett i heiltid, 1 deltidstilsatt og 3 leger som er konsulentar herav to på deltid.

Kommentarar

Helse Bergen og Helse Stavanger er bedt om å vurdere eventuelle konsekvensar godkjenning/utviding kan ha for bemanning og rekruttering i føretaka.

Dersom tilsette i dei aktuelle private verksemdene også arbeider i føretaka blei det bedt om ei vurdering av om godkjenning/utviding vil få konsekvensar for kapasiteten i Helse Bergen og Helse Stavanger.

Føretaka har gitt følgande innspel til Helse Vest:

Helse Bergen

Innan nokre av fagområda det blir søkt godkjenning for har Helse Bergen i dag kapasitetsproblem. Dette gjeld spesielt innan øre-nese-hals. Derfor blir det allereie i dag kjøpt ein del tenester hos private leverandørar. Helse Bergen er derfor positive til ein auke i kapasiteten i Bergensområdet.

Dette kan bli ei utfordring dersom personell blir rekruttert frå føretaket noko som kan være svært utfordrande for små fagmiljø. Dette gjelde både legar og spesialiserte sjukepleiarar.

Helse Bergen har erfart auka belastning i akuttinntak knytt til komplikasjonar ved private klinikkar, og at kirurg/kompetent lege ikkje alltid er tilgjengeleg hos private aktørar ved postoperative problem. Det blir derfor peika på at det i større grad må bli stilt krav til private aktørar om å innrette drifta slik at dei kan handtere dette dersom det er fagleg forsvarleg og innlegging i større sjukehus ikkje er nødvendig.

Helse Stavanger

For ein del av fagområda som det blir søkt godkjenning for er det ikkje lange ventetider i Helse Stavanger, men innan gastroenterologi har ein kapasitetsproblem. Ein personell-lekkasje vil være utfordrande på kort sikt innan dette fagområdet. Det vil ha særleg positiv effekt for total ventetid i opptaksområdet dersom oppgåver som kontrollar, enklare dagkirurgiske inngrep, enkel utgreiingar osv. blir kjøpt hos private leverandørar.

Helse Stavanger peiker på at det generelt er ei utfordring å rekruttere legespesialistar innanfor kirurgiske fagområder. I tillegg har føretaket utfordringar med å rekruttere spesialsjukepleiarar. Det vil derfor bli ei vesentleg utfordring dersom personell blir rekruttert frå føretaket.

Status i Helse Vest

Helse Vest RHF har i dag avtaler om kirurgiske tenester med private sjukehus og privatpraktiserande spesialistar som gjeld til og med 30.04.2014. Total ramme for avtalene er om lag 94 millionar kroner per år og omfattar fagområda ortopedi, øre-nese-hals, generell kirurgi, plastisk kirurgi, auge og urologi.

Samla kjøper Helse Vest RHF tenester hos private institusjonar for omlag 2,2 mrd. kroner. Dette omfattar tenester innan somatikk og psykiatri, radiologi, laboratorietenester, rehabilitering og tverrfaglig

spesialisert rusbehandling. Om lag 10% av Helse Vest sitt driftsbudsjett blir nytta hos private aktørar for å dekke sørge for ansvaret.

Helse Vest RHF har i dag kapasitetsproblem innan nokre av dei fagområda det blir søkt om utviding/godkjenning for.

Helse Vest RHF er nå i ferd med å gjera ny vurdering av behovet for kjøp av kirurgiske tenester frå private utøvarar før ny anbodskonkurranse vil bli kunngjort hausten 2013. Ved vurdering av ventetider må det også takast høgde for at private allereie dekker ein del av behovet.

Nevrokirurgi

Aleris i Bergen har sjukehusgodkjenning for spesialiteten nevrokirurgi. Nå søker Privathospitalet og Kolibri Medical også om godkjenning som sjukehus for denne spesialiteten.

For dei fleste fagområda vil det være slik at nokre inngrep berre blir gjort i større sjukehus, men innan nevrokirurgi vil dette gjelde ein svært stor del av inngrepa. Det bør derfor gis tilbakemelding til HOD om at det blir presisert kva for type inngrep innan nevrokirurgi det eventuelt blir gitt godkjenning for.

Konklusjon

Helse Vest RHF dekker i dag ikkje heile sitt sørge for ansvar gjennom verksemd i egne helseføretak. Det blir derfor kjøpt tenester hos private leverandørar. Dette gjeld både i Bergen, Haugesund og Stavanger.

Når gjeldande avtaler går ut våren 2014 vil det framleis være behov for å kjøpe tenester frå private leverandørar. Det er derfor i gang eit arbeid for å gjere ei fornya vurdering av behovet som grunnlag for ei ny anbodskonkurranse. Ein er i ei startfasa av dette arbeidet, og det er for tidleg å konkludere med kva som skal takast med i neste avtaleperiode og omfanget. Type tenester og volum vil bli nærare presisert i ein anbodskonkurranse.

For fagområdet nevrokirurgi bør det presiserast kva for inngrep det eventuelt blir gitt godkjenning for i og med at dette er eit fagområde der store deler av aktiviteten berre blir utført i store sjukehus.

Eit svært viktig element i høve til etablering av private sjukehusstilbod i regionen er korleis det kan påverke personellsituasjonen i føretaka. Dersom personellsituasjonen i egne sjukehus blir forverra som resultat av privat etablering vil ein ikkje ha positiv effekt på kapasiteten. Det vil være uheldig om egne sjukehus som er svært sårbare innan nokre fagområde skulle bli tappa for fagfolk som resultat av etablering av eit privat tilbod. Sjukehusa må uansett ha eit samla tilbod uavhengig av private tilbod. Sjølv bortfall av enkeltpersonar kan ha store konsekvensar for nokre sjukehusavdelingar, ikkje minst med tanke på å oppretthalde vaktssystema. Også ny etablering av privat verksemd basert på sjølvbetalande pasientar kan ha uheldig effekt på personellsituasjonen i lokale føretak.

Det er blitt peika på at private aktørar må innrette drifta slik at ein kan handtere uventa utfordringar. I den grad det er fagleg forsvarleg og innlegging i større sjukehus ikkje er nødvendig, må det stillast tydelege krav til private aktørar om at postoperative komplikasjonar skal handterast av eige personell.

Dette er såleis forhold som må tillegast vekt i den samla vurderinga.